25-April-2017

Lindås kommune
Teknisk drift
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopiar,
til orientering.

55 Lindås, 17. apr. 2017

**Utvida bruk av avkøyrsle - gbnr 110/7 Syslak**

Viser til sak 16/1481- 16/11852 der det vart gitt førehandstilsegn til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle for 2 nye naustetomtar på gbnr 110/7, på visse vilkår.

*Det er no gjeve løve til frådeling av dei omsøkte tomtane, jfr. sak 16/1439 og 17/6144.*
Tomtane har fått bnr. 28 og bnr. 29

Eg ber om at det vert gjeve endeleg løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Løyvet er som kjent nødvendig i samband med søknad om byggeløyve.

Me har målt siktsona, og den er etter vårt skjøn innanfor kravet med god margin, jfr. vedlagte bilete. Det er fungerande drenering under avkøyrsla, også bilete.

Vedlagt også kartutsnitt, flyfoto som syner den private avkøyrsla for sjøvegen i forhold til kommunevegen.

Så langt me veit er avkøyrsla bygd og vedlikehalden i samsvar med § 43 i Veglova. Avkøyrsla vart etablert i samsvar med § 40 i Veglova i samband med at vegen til Syslak og Skårnes vart bygd på 50-tallet. Den nye vegen (kommunevegen) vart då delvis lagt i traseen der den tidlegare sjøvegen for garden gjekk.

*Vegrett (bruksrett) til den private vegen vert tinglyst i særskild avtale i samband med tinglysing av skøyte.*

Eg ber om at løyvet vert gitt snarast råd er, slik at ein kjem vidare med byggesøknad.

Med helsing

Alfred Syslak
Veråsvegen 434
5955 Lindås

Levert Tekn drift
18/4 - 17

Jfr. sak 16/1439 - 17/6144
Brev av 28/2.17 - side 2, siste avsnitt

Statens kartverk
Postboks 600 Sentrum

3507 HØNEFOSS

5955 Lindås, 25. apr. 2017

## VEDLEGG TIL SKØYTER GNR 110 ***BNR 28 OG 29*** I 1263-LINDÅS

Vedlagt kopi av utskifningsprotokoll for gnr. 110 i Lindås, tgl. 7. mai 1928.

Veiretten som er sett inn som pkt. nr. 1 i avtalen som skal tinglysast saman med skøyta er veien som er beskriven som pkt. 1 under avsnittet "VEIE", på side 20 i utskiftningsprotokollen.

Innleiingsvis i avsnittet ser vi formuleringa: ***"Til fremtidig bruk for oppsitterne på Syslak samt for andre vedkomende utlaes følgende veie:"***

Vi tolkar dette som tilfredstillande grunnlag for vår avtale.

Med helsing

Arne Olav Halland Oddbjørn Syslak